


Planinitiativ:

Reguleringsplan for massetak i Ålvundeid



Dette planinitiativet er utarbeida av 3Dsmia, ved Åse Bergset, i samsvar med *Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven*.

Dokumentet er utarbeida på vegne av Alf Engen AS, -maskinentreprenørbedrift som opererer i Sunndal og nabokommunane. Verksemda har behov for eit massetak, sidan det er mangel på steinressursar i regionen.

3Dsmia

01. juli 2024

Utarbeida av:	3Dsmia, Haugaslettvegen 45 6686 Valsøybotn	Åse Bergset; post@3dsmia.no 99 57 89 22
Oppdragsgjevar/ forslagsstillar:	Alf Engen AS Industriveien 19, 6600 SUNNDALSØRA	v/ Tore Engen tore.engen@alfengen.no 95 20 25 19


INNHALD

1	Lokalisering og planlagd arealbruk	1
2	Planstatus og annan kjend informasjon om området.....	3
3	Planavgrensing og grunneigarforhold	3
4	Medverknad og prosess	3
5	Samfunnstryggleik og verknader utanfor planområdet.....	4
6	Planen sitt forhold til Forskrift om konsekvensutgreiningar	4
7	Til slutt.....	4


1 LOKALISERING OG PLANLAGD AREALBRUK

Alf Engen AS har kontoradresse på Sunndalsøra, om lag 15 tilsette og påtek seg oppdrag innan vegbygging, opparbeiding av tomter, kommunaltekniske anlegg, muring, frakt av massar og anna.

Verksemda har behov for betre tilgang på stein- og grusmassar, og har inngått avtale med



Figur 1 viser lokalisering av planen på Ålvundeid



Figur 2 viser skissert uttaksområde og anleggs- og depotområde

grunneigarane til eit lovande område i Ålvundeid, sjå framsida, samt figur 1 og 2. Her ønskjer dei å

etablere eit massetak, knusverk og massedepot. Areal til depot er vist også med tanke på eventuelle overskotsmassar frå lokale utbyggingsprosjekt, veganlegg o.a. I denne delen av Sunndal kommune er det ikkje andre steinuttak i drift, slik at eit uttak her vil redusere transportlengde, miljøbelastning og kostnader for lokale utbyggingsprosjekt.



Figur 3 viser planområdet (blått omriss) over flyfoto.

På figur 2 er førebels planareal skissert, der det blå området er tenkt til sjølve massetaket, medan det gule er tilkomstveg, massedepot og rigg- og lagerplass.

Massetaket ligg inne i skogen på ein markert åsrygg, som stig opp mot sør-vest (sjå fig. 2), slik at det ligg til rette for effektivt uttak, og god skjerming mot nærmiljøet.

Tiltakshavar har estimert omfanget av massetaket (blå farge på fig. 2) til om lag 1,5 mill m³. Førekomsten er fjell-gneis, og fjellet er delvis dekket av skogsvegetasjon, med noko fjell i dagen.

Sør og vest for det planlagde massetaket er det skog (sjå figur 3), og det er også delvis naturleg vegetasjonsbelte mot nord og aust. Mot sør stig terrenget bratt, og mot nord/aust er det og eit høgdepunkt i terrenget, som skjermar for støy og innsyn.



Figur 4 viser dyrka mark på arealet som er tenkt til depot (kjelde Google)

Mot aust går ein skogsveg fram til Nordmørsvegen, som ligg om lag 230 meter frå massetaket. Langs skogsvegen er det litt skog og dyrkamark på begge sider. Om lag 11 mål av arealet som er tenkt til depot er dyrka mark, men delvis gjengrodd, sjå figur 4.

Det er 300 meter til næraste bustad frå massetaket, og innanfor ein radius på 400 meter frå massetaket er det 4 bustadar/gardstun. Det går ei lysløype (/turløype) på skogsvegen like forbi området.

2 PLANSTATUS OG ANNAN KJEND INFORMASJON OM OMRÅDET

Området inngår ikkje i reguleringsplan. I kommuneplanen er arealet avsatt til LNF, og med omsynssone for rasfare (snø og stein). På fig. 5 og 6 er det planlagde massetaket vist med blå sirkel.




Fig. 5 viser Morrotur (grøn strek) og kartlagde friluftslivsområder med rosa farge. (Kjelde: Gislink)




Fig. 6 viser Kvernhuskogen vassfordelingssystem (Kjelde: Gislink)

I GisLink er *Kvernhuskogen vassfordelingssystem* avmerkt som eit kulturminne, sjå figur 5, med følgjande tekst: På 1800-tallet ble det bygd et kunstig vassfar fra skaudalsbekken til Kvernhuskogen. Bekken var også oppdemt ved Skaudalsvannet for å sørge for mer jevn vannforsyning. Etablert for å øke vannmengden til sag og kvenn på Opdøl. Det ble også ledet vann til kvenn for Lillebråten. For å sikre vannforsyningen mer ble det gravd enda ett bekkeleie ovafor Kvernhusbakkan fra Mørkedalsbekken til Skaudalsbekken.

Vidare er det vist «Morrotur» langs skiløypa (sjå figur 4), og eit større område inntil/nord for det planlagde massetaket er kalla *Kvernhuskogen skileikeområde*, og avmerkt som eit svært viktig friluftslivsområde i kommunen si kartlegging.

3 PLANAVGRENSING OG GRUNNEIGARFORHOLD

Det går ei teiggrense nedover «høgaste ryggen» der massetaket er tenkt plassert, slik at anlegget kjem delvis på gnr./bnr. 93/1 og delvis på gnr./bnr. 93/3, sjå figur 3. Grunneigarane stiller seg positive til massetaket og reguleringsplanen.

Førebels plangrense i dette planinitiativet har med eit areal på nesten 90 Daa. Då er også tilkomst til fylkesvegen inkludert, og det er lagt inn store buffersoner.

4 MEDVERKNAD OG PROSESS

Vi vil sende varsel om planarbeidet til naboar aktuelle organisasjonar og lag. I tillegg vil vi i samråd med kommunen sende varsel til aktuelle meldingsinstansar.

Alf Engen AS har levert *Melding om uttak av masse* på gnr./bnr 93/1 og 93/2 i Sunndal kommune til Direktoratet for mineralforvaltning den 04.04.2023. Det kom svar frå direktoratet de 19.12.2023, der dei minner om at tiltakshavar også må innhente løyve etter plan og bygningslova, og at tiltakshavar

har sikrings- og oppryddingsplikt jf. Minerallova §§ 49 og 50. I dette planinitiativet er uttaket utvida i forhold til det som vart innmeldt til direktoratet.

5 SAMFUNNSTRYGGLEIK OG VERKNADER UTANFOR PLANOMRÅDET

Plandokumenta vil innehalde ei ROS-analyse. Sikringstiltak vil vere i samsvar med Minerallova (sjå over). Støy, og skjerming mot innsyn vil vere tema i reguleringsplanen, både med tanke på bustadar, men også mot friluftsområdet.

6 PLANEN SITT FORHOLD TIL FORSKRIFT OM KONSEKVEN舜UTGREIINGAR

Vurderinga av om planen kan få vesentlege verknader, og det dermed skal utarbeidast planprogram eller konsekvensutgreiing etter plan og bygningslova § 4-1 og 4-2, skal gjennomførast i samsvar med *Forskrift om konsekvensutredningar* (heretter forskrifta).

Plangrensa som estimert her, har eit areal på nesten 90 Daa. Kommuneplanen viser LNF-område, og massetaket er ikkje utgreia tidlegare.

§ 6 i forskrifta: I følge Vedlegg 1, 19) i forskrifta, er det uttak på over 200 Daa som utløyser krav om KU, melding eller planprogram.

§ 8 i forskrifta: Vår vurdering av tiltaka opp mot lista i Vedlegg 2, er slik:

- Pkt 1, a) og d): Det planlagde masseuttaket har ikkje *alvorlege* verknader i og med storleiken og plasseringa.
- Pkt. 2, a) utløyser heller ikkje krav om Ku i og med at tiltaket er så lite, og konsekvensane for nærområdet er små.

Vi meiner at planarbeidet ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing, planprogram eller melding.

7 TIL SLUTT

Vi ber med dette om at Sunndal kommune arrangerer eit oppstartsmøte (jfr. Plan og bygningslovens § 12-8) slik at vi kan få drøfta det vidare planarbeidet.